



Asbjørn Nagell Toft

Dykkar ref.:

Vår ref.:

21/240 - 43 / ANT

Dato:

22.05.2023

Referat frå prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune

Prosjektmøtet vart halde torsdag den 11. mai frå kl. 18.00 -20.00 på kommunehuset

Til stades: Reidar Øksnes, Maria Sognnes, Ådne Utkilen, Helge Dyrkolbotn, Nikolai Fivesdal Semmingsen og Aslak Bakke.

Rolf Vik møtte ikkje.

Presentasjon av deltakarane i prosjektgruppa vart gjort.

1. Konstituering av leiar: Aslak Bakke var vald til leiar.

Det vart drøfta kor lenge prosjektgruppa skal vara. Konklusjonen var at etter energikonferansen 2023 må dette vurderast. Saksutgreiinga til kommunestyret den 22 juni kan og ta med dette. Vedtak den 13.04.2023 i kommunestyret var:

*Austrheim kommune oppretter og ei politisk utnemnd **prosjektgruppe** som skal kartlegga kva moglegheiter det er for bedrifter og privatpersonar til å produsera energi sjølv i kommunen. Gruppa skal også vurdera korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk. Gruppa skal også kartlegga kva tilskots- og støtteordningar som finst. Gruppa bør ha som mål å gjennomføra ein ny **Energikonferanse** hausten 2023 der dette er tema.*

2. Mandat og budsjett/ramme for prosjektgruppa vart drøfta. Dette skal opp som sak i kommunestyret onsdag 22. juni. Det er fint om det vert eit budsjett på kr 200.000 for dette arbeidet, dette til møtegodgjerdsel, turar, konferanse, føredrag, studietur/forsøk med meir.

Prosjektgruppa ynskjer å marknadsføra ENOVA -tiltak, tilskotsordningar for hushaldningar og næringslivet. Å kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst for dei som ønskjer å redusera energiforbruket eller produsera sin eigen energi. Prosjektgruppa ynskte å læra meir om fjernvarme til industrien på Sløvågen, dei ynskte å få på plass ein studietur til Sløvågen. Vindturbinar i store utbygde



Sætremarka 2
5943 AUSTREIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

næringsområde ville dei og sjå på og vurdere. Prosjektgruppa ynskte å læra meir om vertikale vindturbiner, mindre gardsvindturbiner og varmepumper. Prosjektgruppa ville og læra meir om energi frå sol, vind, geo- og sjøvarme, tidevatn, tidvasstraum, bølgjer og fjernvarme frå industri. Småskala kjernekraftverk og ny energi vart og drøfta. Det å samla energien på nettet er sentralt.

3.Drøfting av energiproduksjon i Austrheim kommune.

Testa ut etterisolering av eldre bustadar eller næringslivet sine eldre bygg. Vanlege folk sine behov Eldre hus/nyare hus. Sjå på hustypar, Statistikk for type hus i Austrheim kommune. Utskifting av eldre tak, er det då lurt med solceller, det må ein sjå på. Luft til luft varmepumper. Gjennomgang av gode idear. Sjå framover, kva kjem, kor vil me.

Det er naturleg at Austrheim kommune informera innbygjarane våre, hefte/veiledarar, kva er lurt å gjera. Solfangrarar, solcelle, isolering, vertikale vindturbinarar. Kva lønnar seg i kroner og ører. Kva krav kjem framover frå nasjonalt hald og EU. Tilskot/inntenningstid, kva lån gjev bankene. Invitere fagfolk til informasjon.

Bruke sjøen, varmepumpe frå sjøen, dønningar/bølgjer. Me skal vera open for alt, også bruk av straumane i sjø. Få inn kunnskap.

4.Drøfting av energisparing i Austrheim kommune. Små turbinar i takrenner, i vatn som renn, Solceller langs vegar/tunellar, vedhogst, rydding av beite, ta vare på hogstavfall, flis, strø til dyr. Solceller i rekkverk, murar, tunellveggar, kvalitet på beslag, nordiske tilhøve, ver og vind. Positiv open vinkling. Dugnad, eldsjelar, gode eksempel. kakkelovnar.

Prosjektgruppa ville sjå på Adne Utkilen sitt prosjekt, men og Rolf Vik og Terje Litlås sine prosjekt. Spara straum, smarthus, god vaner. Solfangar. Varmemagasin. Biokjelar. Sigmund Karlsen (5000 liter) på Littlelindås. Luft til vatn (akkumulator tank). Kvalvågen, Ådne).

Prosjektgruppa ville prøve å finna noko bedrifter og besøke. PWC, me ser på saman framover kva firma som gjer spennande ting i vår region. Prosjektgruppa ynskte å bruka elevane på Austrheim vidaregåande skule til å kartleggja forbruket av straum i Austrheim kommune.

5.Tidspunkt for **Energikonferanse** hausten 2023 vert i november, før julebordsesongen. Enova/Husbanken/forskarar vert inviterte då.

6.Kjem folk i prosjektgruppa på på lure/smare idear så send dette til Asbjørn Toft, så tek han fatt i dette. Neste møte vert i veke 24. mandag eller onsdag. Då vert det studietur i Austrheim kommune. Sekretær sender ut møteinnkalling organiserer ein synfaring.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Per Lerøy

Lerøyvegen 156

5943

AUSTRHEIM

Mottakere:

Asbjørn Nagell Toft

Helge Dyrkolbotn

Maria Sognnes

Nikolai.fivelsdal@gmail.com

Reidar Øksnes

Rolf Vik

Ådne Utkilen

LEIKVOLL 4

5943

AUSTRHEIM

Øksnesvegen 233

5943

AUSTRHEIM